

# **STATUTTAR FOR LYSES FORSKINGSPRIS**

## **§ 1 Formål**

Forskningsprisen er oppretta av Lyse. Den har til formål å fremje framifrå forsking i Stavanger, ved Universitetet i Stavanger (UiS) og NORCE.

## **§ 2 Om prisen**

Prisen skal stimulere til framifrå forsking samt til utvikling av strategiske forskingsområde og gode fagmiljø. Prisen er ein ærespris for tilsette ved UiS og NORCE som i løpet av dei siste åra, og særleg for det kalenderåret prisen gjeld, har utmerka seg med framifrå vitskapleg arbeid på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Prisen kan tildelast ein forskar, ei forskingsgruppe eller eit forskingsmiljø ved UiS og/eller NORCE.

Prisen består av eit diplom og eit stipend frå Lyse.

## **§ 3 Forslagsrett**

Alle tilsette og organisatoriske einingar ved UiS og NORCE kan nominere kandidatar til prisen.

Nomineringa av kandidatar til prisen skal skje innan 1. september i det påfølgande kalenderåret prisen gjeld for.

Forslagstillar må grunngje og dokumentere forslaga i form av:

- Kandidatens publikasjonsverksemد
- Kandidatens omdøme, status og gjennomslagskraft i nasjonale og internasjonale fagmiljø
- Kandidatens betydning for eige fagmiljø når det gjeld miljøskapande og forskingsfremjande innsats.

## **§ 4 Behandling av forslag**

Kandidatar blir vurderte av ein jury som består av prorektor for forsking ved UiS (juryleiar), leiar i NORCE med arbeidsstad i Stavanger, to eksterne medlemmar med professorkompetanse (oppnemnt av UiS og NORCE), StOr-leiar samt ein representant frå Lyse. Juryen kan i tillegg bli supplert med ytterlegare eksterne representantar ved behov. Juryen peikar ut prisvinnaren.

Forskningsavdelinga ved UiS er sekretariat for juryen. Namnet på prisvinnaren blir først gjort offentleg kjend under sjølve prisutdelinga.

## **§ 5 Prisutdeling**

Prisen blir delt ut av ein representant for Lyse under årsfesten ved UiS.

## **§ 6 Fastsetting av statuttar**

Styret ved Universitetet i Stavanger fastset statuttane for forskningsprisen. Rektor får fullmakt til å gjere nødvendige endringar.

Vedtatt av styret ved Universitetet i Stavanger, 11. mars 2021.